



# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SGN OG FJORDANELAGET OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 2

2013

ÅRGANG 28



ÅTGAUM -  
MERKSEMD I HØVE 250 ÅRS  
FEIRINGA AV SGN OG FJORDANE FYLKE  
5. MAI PÅ YOUNGSTORGET



REKESELSKAP PÅ  
NORDFJORD HYTTA  
25 - 26. MAI

## Sein vår, men mykje skjer i år

Lenge sidan me har hatt så lang og god vinter, i allfall for ein ihuga skikar som leiaren. Men no er det vår, og då skjer det masse. Ikkje berre i naturen, men også i kulturen – sjå berre her:

- Dansens dager 27.–28. april, der det er folkedanskveld, minikurs og tango i Nordahl Bruns gate 22 sundagskvelden. Sjå program elles på nettet.
- Mange av oss i ringen og laget skal på **Røros-leken helga 3.–5. mai**, slik som i fjor. Frist for påmelding er 24. april, til Svein Aasen på tlf. 482 99 981
- **Sogn og Fjordane fylke** feirar sine **250 år** med **“Åtgaum” på Youngstorget sundag 5. mai**, med smakebitar av matkultur og annan kultur frå heimfylket. Sjå eiga side om det.
- Leikarringen dansar 17. mai framsyning på institusjonar i Bærum.
- Musikkfest i Oslo laurdag 1. juni, der folkedansarar og -musikarar blir å sjå og høyra på Egertorget mellom 12 og 19.
- **Bygdelagsstemna på Norsk Folkemuseum** på **Bygdøy sundag 2. juni** frå kl. 11.30 til 17. Bygdelagssamskipnaden (BLS), som Sogn og Fjordanelaget er ein del av, fyller 90 år og vil feira det spesielt på stemna i år, program kjem i neste nummer. Ringer dansar framsyning.
- **Bondenes Hus 100 år** feirast med **gatefest i Rosenkrantz gate laurdag 8. juni**. Bondeungdomslaget inviterer alle lag og ringar til å vera med.

Så det er utruleg mykje å feira og vera med på i vår, rett nok ikkje alt vårt – me tek til våre lagsfeiringar først til neste år.

Det vert dessutan arbeidt vidare med å få **Sunnfjordhytta** i stand til gjenopning til hausten, og på Nordfjordhytta blir det hyttehelg i vår, sjå bak i bladet.

*Alv Reidar Dale*  
Lagsleiar

## **Rekeselskap på Nordfjordhytta 25. -26. mai**

Vi inviterer til hyttehelg med god mat og drikke og prat. Ta med reker og høveleg drikke til eit festmåltid laurdagskvelden, og litt frukostmat til felles frukost søndag.

Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa  
[astrid.gjorven@vikenfiber.no](mailto:astrid.gjorven@vikenfiber.no) - tlf. 22183295 (h), 98681829 (m)  
[dagfinn.aa@online.no](mailto:dagfinn.aa@online.no) - tlf. 21094802 (a), 45004933 (m)

## **BYGDELAGSSTEMNE PÅ BYGDØY 2013**

Det årlege Bygdelagsstemnet, som er fylkesstemne i NU, blir som vanleg arrangert på Folkemuseet på Bygdøy søndag 2. juni. Markerast skal også at det er 90 år sidan Bygdelagssamskipnaden starta. Programmet kjem i neste Tre Fjordar. Følg og med på <http://www.bls.no>.



Bygdelagsstemne på Torget på Folkemuseet i 1966. Foto: Tone Eid.

Helsing Tone Eid

## **STEMNER OG FESTIVALAR SOMMAREN 2013**

Sommaren nærmar seg og her kjem mange fine tilbod. Gå inn på nettet og sjå om det er noko som passer for deg. Nokre treng kanskje ein "dytt" frå gode vener. Det er hyggeleg å reise fleire i følge.

"Landskappleiken.no" (NM) på Røros 26. -30. juni. Brekken Spell- og dansarlag, Glåmos Spelemannslag, Ålen Spell- og danselag og Røros Folkedanslag arrangerer for FolkOrg (tidlegare "Landslaget for spelemenn").

"Landsfestivalen.no" på Løten 17. - 21.juli, 2013. Hedmark Folkemusikkklag, som består av 14 lag, arrangerer for FolkOrg.

"Hilme.no" - Jørn Hilme-stemnet på Fagernes 21. - 28. juli. Årleg stort folkedans- og musikkstemne til minne om ein stor spelemann frå Valdres.

"Folkedansfestivalen.no" på Kongsberg 8. - 10.august. Dette er etterkomaren etter det store årlege landsstemne til Noregs Ungdomslag.

Her kan du danse dag og natt om du vil. Det er kappleik på alle stemna og mykje fin underhaldning og utflukter. Eg har vore på alle desse stemna. Det er flinke arrangørar, ro og orden – Mi beste anbefaling. Ringen vurderer fellesreiser, avhengig av interessa. Sjå elles <http://folkedans.com>.

Helsing Tone Eid

**4.-7. juli 2013**

**festivalEn**

FØRDE TRADITIONAL AND WORLD MUSIC FESTIVAL NORWAY

Tema for Førdefestivalen er i år

**Musikk og natur**

Fyldig omtale på <http://fordefestivalen.no>

## MINNER FRÅ NORDLEIK i Steinkjer 10. - 15.juli, 2012

Nordleik er eit nordisk folkedans- og folkemusikkstemne som blir arrangert kvart tredje år i Danmark, Sverige, Finland og Norge.

Færøyane og Island er også med, men dei kan ikkje ta ansvar sjølve for eit så stort arrangement. I Steinkjer var også Grønland representert med ei gruppe. Steinkjer BUL var arrangør og innfridde med glans. Eit stort program med mange alternativ. Det som er spesielt med Nordleik er alle utfluktene slik at vi skal oppleve det landet vi er i. Kvart land arrangerer konsertar og kurs i eigen dans og musikk. Til dømes vart Trøndelag sin store spelemann Hilmar Andersen heidra med eit teaterstykke om spelemannen sitt liv.

Frå Sogn og Fjordaneringen var vi 10 som deltok. Randi Solheim bestilte husrom og elles ordna kvar enkelt med reise og bestilling av billettar. På avsluttingsseremonien inviterte Danmark til neste Nordleik i 2015.



I 2012 kom også Grønland med i dette flotte Nordiske samarbeidet. Foto: Tone Eid.

Helsing Tone Eid

Sundag 5. mai

blir det skikkeleg “*Åtgaum*” på Youngstorget!

- **Sogn og Fjordane fylke fyller 250 år** i år og feirar det m.a. med ein publikumsdag, kalla “Åtgaum” (= merksemd), på Youngstorget sundag 5. mai. Der vil laget vårt vera til stades også. Gå og få ein smakebit av matkultur og annan kultur frå heimfylket den dagen.

**Det heile startar kl. 12,**  
med fleire musikalske innslag  
av kjende artistar heimanfrå  
utetter dagen. Frå 13 til 15  
kan du kjøpa deg “heim-  
kokt Britebukost”, dvs. ein  
tallerk med god lokallaga  
mat frå heimfylket, også  
kalla “Framtidsfylket”.  
Elles er det mange  
standar med folk frå  
reiselivet og anna  
næringsliv heime,  
frå kulturbetitet, m.a.  
dei mange og flotte  
festivalane som er i fylket kvart år.



*Askvoll Sjømat & Delikatesser er eit framifrå døme på korleis  
heimflytte og tilflytte kan få det til i heimfylket!*

Det heile varer radt til ni om kvelden, dei to siste timane med oppgjeret  
mellan erkerivalane Sogndal og Brann på storskjerm frå Fosshaugane.

Og dagen etter, **måndag 6. mai, er det karrieremesse** på hotellet Royal Christiania (gamle Viking, for dei som hugsar det), for utflytte og andre som lurer på å flytta heim og finna seg noko å gjera i Framtidsfylket.  
Sjå fullt program på <http://framtidssyklus.no/for-arbeidssokjar/karriere-messer/atgaum-i-oslo-5-mai-2013/>

*Så få med deg andre samfylkingar og ta deg ein tur på Youngstorget og  
ver med på jubileumsfeiringa av heimfylket sundag 5. mai! Du kan også  
bli med i trekkinga av den store “Sogn og Fjordane-gåva”...*

## VIKTIG MELDING – MEDLEMSPENGAR

Det vart rett før påske sendt ut e-post til alle me har slik adresse på, med oppmading om å betala medlemspengane, som framleis er 350 kroner i året, innan 15. april. Dei som måtte ha oversett ‘kravet’ eller har gløymt det, gjer vel og betal inn til laget sin konto **0531 27 71723**. Merk innbetalinga med fullt namn, og kryss av for kvittering dersom du vil ha det.

No vert lagsbladet Tre Fjordar sendt ut berre i digital form til alle laget har e-postadresser til. Me bed folk senda inn e-postadressa si til [hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no), slik at de kan få kunngjeringar med e-post også mellom utgjevingane. Dei som ikkje har slik adresse, får framleis papiravisa.

## Korleis skaffe medlemskort frå Noregs Ungdomslag

### Innlogging på NU sitt medlemsregister:

Du må ha ei e-postadresse for å nytte denne tenesta.

Gå inn på Noregs Ungdomslag si nettside <http://www.ungdomslag.no>

Klikk på: **Innlogging medlemsregister** nederst i venstre kolonne.

Tast inn di e-postadresse, som du har meldt inn til laget, og passord.

Har du ikkje passord så tastar du berre inn e-postadressa og klikkar på **send nytt passord**

Du må taste inn e-postadressa di på nytt og klikk så på **Søk**.

Nytt passord blir då sendt til di e-postadresse.

Første gang du loggar inn etter dette får du beskjed om å endra passordet og kontrollera opplysningane om deg sjølv. Klikk på **Oppdater** nederst.

**Endre passord:** Klikk på **Min konto** i menyen til venstre. Klikk så på **Endre passord**.

Tast inn eit nytt passord som er lett å hugse.

### Medlemskort

Under overskrifta **Medlemskap** skal det stå:

+ **Sogn og Fjordanelaget i Oslo** når det er rapportert at du har betalt for i år.

Klikk på + teiknet framfor lagsnamnet og ny informasjon openberrar seg.

Klikk på **Last ned medlemskort**.

Du vil så få meldingen **Vil du åpne eller lagre membercardxxxxx.pdf**.

Klikk på **Åpne**. Nå får du opp dokumentet som inneheld medlemskort og ein del info. Skriv ut dette og klipp ut medlemskortet nederst.

## Protokoll frå årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget i Oslo

25. februar 2013 kl. 19.00 i Nordahl Bruns gt. 22, Oslo

### *Sak 1: Opning, godkjenning av innkalling, val av ordstyrar, referent, protokollvitne og teljekorps*

11 medlemmer møtte. Alv Reidar Dale ynskte vel møtt til møtet.

Innkallinga vart samråystes godkjend.

#### Konstituering:

Ordstyrar: Alv Reidar Dale

Referent: Jofrid Holter

Protokollvitne: Marit Haug Loen og Andor Gjelsvik

Teljekorps: Marit Haug Loen og Andor Gjelsvik

**Vedtak:** Alle vart samråystes valde.

### *Sak 2: Godkjenning av saklista*

**Vedtak:** Saklista vart godkjend utan merknader.

### *Sak 3: Årsmelding for 2012*

Alv Reidar Dale gjekk gjennom meldinga.

Medlemmer: Laget har fått 6 nye medlemmer siste året. Medlemstalet auka totalt med 2, frå 79 til 81 medlemmer.

Klubbefesten var svært vellukka med underhalding av Jens Brekke. Det var ein del færre deltakrar enn året før.

Bygdelagshuset. Det vart presisert at det er BLS som eig huset, ikkje dei einskilde laga.

**Presse- og PR-nemnda:** Lagsbladet *Tre Fjordar* vert no sendt ut elektronisk som vedlegg til e-post til dei som har e-postadresse. Bladet vert også lagt ut som pdf-fil på laget si nettside.

**Hyttestyret:** Arbeidet med opprusting av Pustut held fram i 2013. Det står att ein del arbeid både inne og ute. Den største jobben som står att, er opprusting av det elektriske anlegget. Det kom fram at det er rått inne i hytta. Framlegg om at hyttestyret vurderer å setje inn 2 ventilar og at det bør stå på litt varme om vinteren.

Det vart orientert om at styret har sagt ja til varetransport med scooter over eigedommen ved Pustut no i vinter. Laget har òg på ny fått spørsmål frå DNT om å gje løyve til at det vert opparbeidd ein sti som delvis vil gå over eigedommen.

Feiringa av Sunnfjordhytta sitt 50-årsjubileum er utsett til hausten 2013.  
**Vedtak:** Årsmeldinga for Sogn og Fjordanelaget vart samrøystes godkjend utan merknader. Meldinga frå Sogn og Fjordaneringen vart teken til vitande.

#### **Sak 4: Rekneskap for 2012**

Hilmar Nummedal la fram rekneskapen og svara på spørsmål. Han las revisjonsrapporten, som var underskriven av revisorane.

**Vedtak:** Rekneskapen til Sogn og Fjordanelaget vart samrøystes godkjend. Rekneskapen til Sogn og Fjordaneringen vart teken til vitande.

#### **Sak 5: Medlemspengar for laget**

Styret hadde gjort framlegg om uendra medlemspengar for 2013: kr. 350,- for vaksne, kr. 150,- for ungdom og kr. 0,- for born.

For 2014 hadde styret gjort framlegg om å setje medlemspengane til kr. 400,- for vaksne, kr. 150,- for ungdom og kr. 0 for born.

**Vedtak:** Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Styret vart oppmoda om å skrive i Tre Fjordar korleis ein kan ta ut medlemskort på Internett.

#### **Sak 6: Arbeidsprogram og budsjett for 2013**

I tillegg til dei oppgåvene som er nemnde i årsmeldinga, skal styret/laget ta til å førebu 100-årsjubileet for laget/laga. Hovudfeiring i 2015.

##### Budsjettet:

**Vedtak:** Styret sitt framlegg til arbeidsprogram med det nemnde tillegget og budsjett for 2013 vart samrøystes vedteke.

#### **Sak 7: Val**

Agnar Kvellestad hadde før møtet levert valnemnda sitt framlegg på tillitsvalde i 2013. Desse vart valde ved akklamasjon:

##### Styret

Leiar: Alv Reidar Dale (attval, 1 år)

Styremedlem: Hilmar Nummedal (ikkje på val)

Styremedlem: Anny Sollid (attval, 2 år)

Styremedlem: Jofrid Holter (ikkje på val)

Styremedlem: Agnar Kvellestad (ny, 2 år)

1. varamedlem: Martha Reksten (1 år)

2. varamedlem: Tone Eid (1 år)

3. varamedlem: Agnar Hegrenes (1 år)

#### Hyttestyret

Agnar Hegrenes (attval, 2 år)

Dagfinn Aa (attval, 2 år)

Andor Gjelsvik (ikkje på val)

Oddvar Bjordal (ikkje på val)

Jostein Bareksten (ikkje på val)

#### PR- og pressenemnda

Agnar Kvellestad (ikkje på val)

Ragnvald Halset (attval, 2 år)

Elin Louise Gjengedal (attval, 2 år)

#### Revisorar

Arne Kvamme (attval, 1 år)

Ola Raftevoll (attval, 1 år)

#### Valnemnd

Styret får fullmakt til å oppnemne valnemd.

#### Representasjon

Utsendingar og varafolk til årsmøtet i BLS: Leiar, nestleiar, Arnold Haukereid og Tone Eid. Vara: Agnar Hegrenes

Utsendingar til årsmøtet i Det Norske Teatret: Anny Sollid og Martha Reksten. Vara: Jofrid Holter

#### Sogn og Fjordaneringen

Nytt styre valt på årsmøtet 22. januar vart godkjent.

  
Jofrid Holter  
Referent

  
Marit Haug Loen  
Protokollvitne

  
Andor Gjelsvik  
Protokollvitne

A

## PROGRAM FOR VÅREN 2013

Tilskipingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek etterhald om endringar.

Følg med på <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://sognogfjordaneringen.no>

Kvar tysdag Kl. 18–22 folkedansøving i Storsalen.

17. mai Ringen dansar på helseinstitusjonar i Bærum

Helga 25-26/5 Rekeselskap på Nordfjordhytta  
Søndag 2/6 Bygdelagsstemnet

Tysdag 11/6 Sommaravslutting i ringen

### Lagsavisa - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til den neste er **14/5**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Tidspunkta kan verte endra. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til [agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no). Alternativt i brev til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Kontakt oss på tlf. for eventuelt å avtale andre leveringsmåtar. Vi ønskjer også bilet; helst digitale, men tek også imot farge- eller svart-kvitt-papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal.

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

### STYRET

Leiar:	Alv Reidar Dale a.r.e.dale@admin.uio.no	47 33 18 64 (p) - 22 85 63 48 (a)
Kasserar:	Hilmar Nummedal hilmar@getmail.no	22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63

### PRESSE & PR

Leiar:	Agnar Kvellestad agnar.kvellestad@nvh.no	22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
--------	---	-------------------------------

### HYTTESTYRET

Leiar:	Agnar Hegrenes agnar.hegrenes@nilf.no	22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)
--------	--	-----------------------------------

#### Kontakt Sunnfjordhytta:

Andor Gjelsvik andorgj@frisurf.no	21 92 02 05 (p) - 22 36 72 56 (a)
--------------------------------------	-----------------------------------

#### Kontakt Nordfjordhytta:

Dagfinn Aa daa@ssb.no	67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)
--------------------------	-----------------------------------

### SOG OG FJORDANDERINGEN

Leiar:	Anne-Lise Berggren alb@geofrost.no	67 14 11 95 (p) - 67 14 73 50 (a)
--------	---------------------------------------	-----------------------------------